

Ørsta kommune:

Tilskot til festivalar - retningslinjer

1) Definisjon:

Arrangementet skal vare i minst to dagar, skal ha konkret lokalisering og definert/ansvarleg arrangør, skal ha meir enn lokal interesse og skal ha mål om auka deltaking og utviklingspotensiale.

2) Føremål:

a) Føremålet med tilskotsordninga er å stimulere og vidareutvikle festivalar og andre "dagar" i Ørsta kommune, men gjerne slik at festivalen etter kvart kan finansiere seg sjølv utan kommunalt tilskot.

b) Vere med på å hjelpe fram eit kulturelt mangfald i heile kommunen, med vekt på nyskaping, kvalitet, samarbeid og dugnadsinnsats der fortieneste ikkje er det viktigaste.

3) Krav til søknaden:

a) Om søkjaren: namn/nemning, organisasjonsnummer, adresse, telefon, e-post, bankkonto

b) Kontaktadresse/-person for kontakt utanfrå direkte til festivalen

c) Samarbeidspartar og målgrupper

d) Gjere greie for korleis lokale utøvarar og tenester vert inkluderte i programmet

e) Prosjektomtale og plan for gjennomføringa irekna grov skisse for program/datoar og lokalisering

f) Rapport og rekneskapssamandrag for festivalen i fjor

g) Budsjett, medfinansiering

4) Kva/kven som ikkje kan få tilskot:

a) Terminlistefesta idrettsarrangement og turneringar

b) Dekning av underskot

c) Lukka festivalar med avgrensa deltaking

d) Festivalar som er tydeleg økonomisk sjølvberande eller har kommersielle føremål

e) Institusjonar, organisasjonar, utval/råd og verksemder som har årlege driftstilskot frå kommunen

f) Festivalar som har eige tilskot i vedteke kommunebudsjett

g) Festivalar som ikkje har samsvarande program for meir enn ein dag

5) Generelle vurderingar og krav:

- a) Tilskot vert gjeve for inneverande år, på fritt grunnlag, – ikkje i form av sponsoravtale el.l.
- b) Endringar i søknadsgrunnlaget skal meldast til kommunen så snart som mogleg
- c) Arrangøren skal akseptere ordninga med følgjekort
- d) Festivalen skal så langt råd er vere tilgjengeleg for alle, jf. universell utforming
- e) Skal ta miljømessige omsyn
- f) Vert oppmoda om å bruke nynorsk som skriftspråk i marknadsføring og profilering
- g) Skal medverke til merkevarebygging og profilering av Ørsta kommune m.fl.

6) Sakshandsaming:

- a) Det skal kunne søkjast elektronisk på fastsett skjema til postmottak@orsta.kommune.no
- b) Levekårsutvalet handsamar søknader innanfor eige budsjett. Tilskotsordninga kan eventuelt knytast til eigen budsjettpost eller fond vedteke av kommunestyret
- c) Det vert lagt vekt på økonomistyring, arrangementsmessig kvalitet, nyskaping og utvikling
- d) Det kan ytast oppstartingstilskot etter særskild vurdering
- e) Festivalar som har mest aktivitet i andre kommunar vert vurderte spesielt
- f) I særskilde høve kan søknader om tilskot vurderast saman med "kulturmidlane"
- g) Det kan vurderast særskilde vilkår når det er søkt tilsvarende til Volda kommune
- h) Til då innkomne søknader vert handsama i marsmøtet i levekårsutvalet. Søknader som kjem inn seinare i året vert handsama etter gjeldande møteplan, og kan ha fastsett søknadsfrist. Søknadene kan handsamast og vurderast kvar for seg
- i) Tilskot vert gitt som tilsegn og vert utbetalt så snart festivalen er halden
- j) Avslag på søknad kan klagast til formannskapet innan tre veker

(Framlegg pr. 22.02.2017)